



Arkivsaknr: 2026/525-8
Sakshandsamar: Lars Sveinung Lid
Avdeling: Vaksdal kommune

SAKSFRAMLEGG

Høyringsvar kraftleidning Refsdal-Modalen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	10.09.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sluttar seg til sende administrative uttale frå Vaksdal kommune i saka om oppsett av monomastrekke Refsdal–Modalen, datert 04.08.2026. Vedtaket vert ettersend til NVE.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet.

Saka gjeld

NVE har sendt på høyring konsesjonssøknad frå Statnett om å setja opp nye monomaster til toppliner langs to delar av 420 kV-kraftleidninga Refsdal–Modalen, mellom anna i Vaksdal kommune. Tiltaket er grunngjeve med behov for betre driftstryggleik ved ising og sterk vind, og delar av tiltaket ligg i Stølsheimen landskapsvernområde.

Saksopplysningar

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sende 10.06.2026 konsesjonssøknaden ut på høyring, med frist for fråsegn 14.08.2026. Det var ikkje tid til å få saka politisk handsama før siste møte før sommaren, og heller ikkje mogleg å få politisk vedtak før høyringsfristen og første ordinære politiske møte etter sommaren.

Vaksdal kommune bad difor om utsett høyringsfrist, men fekk avslag. NVE opplyste samstundes at kommunen kunne senda inn administrativ uttale innan fristen, og ettersenda politisk vedtak når dette låg føre.

Administrasjonen sende inn kommunen si uttale 04.08.2026. Politisk vedtak i saka vert ettersendt til NVE etter møtet.

Kort om uttalen

Vaksdal kommune peikar i uttalen på at tiltaket vil råka område med store verdiar for natur, landskap, friluftsliv og villrein, og at delar av traseen ligg i verneområde. Kommunen meiner det må dokumenterast tydeleg at tiltaket er naudsynt, og at det ikkje finst mindre konfliktfylte alternativ. Dersom det vert gjeve løyve, meiner kommunen at det må setjast strenge vilkår for gjennomføring, mellom anna av omsyn til naturmangfald, friluftsliv, utmarksbeite, kulturminne og restaurering av terreng.

Uttalen ligg ved saka som eige dokument.

Kommunedirektøren si vurdering

Tiltaket gjeld område med store verdiar knytt til naturmangfald, landskap, friluftsliv og villrein, og delar av tiltaket ligg innanfor Stølsheimen landskapsvernområde.

Kommunedirektøren meiner det er viktig at kommunen i si fråsegn peikar på desse omsyna, og at det vert stilt krav om grundige vurderingar av behov, alternative løysingar og avbøtande tiltak.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at formannskapet sluttar seg til uttalen slik den ligg føre.

Vedlegg

- 1 høyring av konsesjonskraftsøknad om nye master langs deler av 420 KV kraftleidningen Refsdal-Modalen
- 2 uttale til høyring av konsesjonskraftsøknad om nye master langs deler av 420 KV kraftleidningen Refsdal-Modalen